



Til foreldre/føresette

I Timeskulen bruker me lærebrett som verktøy for lærings. Dette betyr at kvar elev får tildelt ein iPad med tastatur som dei skal bruka som sitt arbeidsverktøy i opplæringa på skulen, og i arbeid med leksene heime.

Som del av at kvar elev får ein iPad til utlån er det utforma kriterium som elevane må forhalda seg til. For å sikra at informasjon er motteke må siste del av dette skrivet leverast attende til skulen, med signatur, for at elevane skal kunna ta med seg iPaden heim frå skulen.

Reglement for bruk av lærebrett

- Ipaden er leasa for fire (1.-4.tr.) /tre (5.-7.tr.) år. Etter dette skal Ipad, omslag/tastatur og ladar leverast tilbake igjen. Eleven vil få utlevert utstyr for ein ny periode.
- iPaden er skulen sin eide, elevane må ta godt vare på den og handsama den på ein forsvarleg måte. Jmf kommunalt ordensreglement: «*elevane skal ta godt vare på alt som tilhører skulen.*»
- Ipaden skal alltid oppbevarast i omslaget/tastaturet. Det kan i tillegg vera lurt å bruka tastatureska, eller anna form for vern når den er i skulesekken.
- Elevane skal sørga for at iPaden er opplada til kvar dag.
- De skal ikkje oppretta eller logga på med Apple ID på iPaden sjølv. IKT-ansvarleg på skulen gjer dette.
- Elevane skal ikkje slå på tofaktorautentisering dersom det kjem spørsmål om dette, og heller ikkje leggja inn telefonnummer om dei blir bedt om det.
- Elevane kan ikkje lasta inn spel og appar utan avtale med skulen.
- På skulen sitt nettverk har me strenge restriksjonar. Heimen er ansvarlege for kva iPaden blir brukt til på andre nettverk utanom skuletida.
- Ved forsiktig og normal bruk, varer ein iPadladar og leidningen gjennom leasingperioden på fire/tre år. Dersom dette blir øydelagt, må dette erstattast av heimen.
- Elevane får eit omslag/tastatur som skal brukast i fire/tre år. Dersom dette vert øydelagt må heimen kjøpa nytt dersom ein ønsker å ha dette.
- Føresette kan bli erstatningsansvarlege for iPaden etter Skadeerstatningslova § 1 – 2 første og andre ledd. Dette betyr at dersom eleven har øydelagt sin eigen, eller andre sin iPad eller tastatur med vilje, kan foreldra bli erstatningsansvarlege med inntil 3700kr.

Eg har lese informasjonen og er orientert om kriteria for handtering og bruk av iPad i Timeskulen
Dato og stad:

Signatur elev

Signatur føresett

WWW.TIME.KOMMUNE.NO

